
Vår referanse 2020/37673-8
Dato 10.07.2020

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Opprettholder klage - Dispensasjon - Fv. 5452 - Gnr 196 bnr 60 - Midtgård - Alver kommune

Vestland fylkeskommune ved avdeling for infrastruktur og veg viser til brev mottatt 30.06.2020 med frist for uttale 20.07.2020.

Alver kommune viser til at dei har mottatt vår klage på dispensasjon frå arealføremål fritidsbustad for å oppføre bustad på gnr. 196 bnr. 60. Kommunen viser til at søkjar har levert revidert situasjonsplan der våre merknader er kome i møte og ber om ny uttale til saka. Kommunen opplyser også at saka ikkje har fått oppsetjande verknad slik vi bad om og at utbygging i medhald av kommunen sitt løyve skjer på søkjar risiko til klagesaka er avgjort.

Til saka er det lagt ved ny situasjonsplan og ei utgreiing for endringane. Slik vi ser det er det utført mindre endringar i slik at trapp og tilkomst kjem lenger vekk frå fylkesvegen, samt mindre justering av fasade.

Vi viser til klagen vår datert 28.05.2020 og kan ikkje sjå at våre moment er vurdert. Klagen vår er heller ikkje kommentert eller tatt til følgje. Vi ber difor om at klagen vår vert tatt opp til behandling.

Vi har i dag 10.07.2020 også mottatt kommunen sitt vedtak om løyve til å byggje på eigedomen, før klagesaka er avgjort. Dette på trass av at vi bad om utsett iverksetjing til vår klage var avgjort. Vi meiner det er uheldig at kommunen gjev løyver i strid med vår uttale og klager med dette vedtak om bygging på eigedomen jf. plan og bygningslova § 1-9. Vi vil særleg vise til at kommunen ikkje bør gje løyve i når overordna mynde har uttalt seg negativt i saka. Vi vil vise til vår klage datert 28.05.2020 for utfyllande merknader.

Med helsing

Matti Torgersen
fung. seksjonsleiar

Tone Bøyum
Senioringeniør

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift